

Påskebridge på realbridge.

Hafslo og Gaupne bridgeklubb arrangerer krinsturnering på realbridge onsdag 31.mars kl 11.00.

Det skal vera ein låg terskel for å delta, me ønskjer å aktivisere klubbspelarar frå heile krinsen i størst mogleg grad. Turneringa vert truleg arrangert som Monrad, dvs ein møter par som ligg nær på resultatlista. Spelande og nyutdanna tevlingsleiar er John Inge Fredheim.

Me spelar i overkant av 50 spel, litt tilpassa deltakartalet. Pause 30 minuttar ca kl 1430. Pris kun kr 100 per spelar vert å betale på vipps rett etter turneringsstart. Me held kostnadene ved arrangementet nede, det vert kun symbolske premiar utanom klubb- og krinspoeng. Me ønskjer å få ein viss oversikt på kor mange me blir, difor ønskjer me påmelding på nett

<https://www.bridge.no/ruter/turneringsinfo/1/12054> seinast [30.mars](#).

Me ønskjer alle klubbspelarar frå Sogn og Fjordane og andre venlegsinna velkomne 😊. Meir info og linken til sjølve spelinga vert lagt ut på Facebook og på heimesida til Gaupne bl, dagane før turneringa.

Manglar du makker så vil Hafslo og Gaupne bridgeklubb lage til eit makkertorg på Facebooksida si.